

MØTEBOK

Organ	Fagopplæringsnemnda
Møtestad	Førdehuset, Førde
Møtedato	15.02.2017
Kl.	16:45 – 17:30

Faste medlemer til stades:

Nils P. Støyva (LO)
Jan Atle Stang (NHO)
Joakim Gram Haugum (elevrepr.)
Henrik Oppen (HO)
Eli Grov Østerbø (LO)
Rune Hovland (Lærarorg.)
Karen Marie Hjelmeseter (HNK)

Forfall til møtet:

Gunnlaug Olsvoll Røed (KS)
Hans-Jacob Sunde (VIRKE)
Niklas Våtevik (lærlingrepr.)
Hildegunn Tretteteig (YS)

Varamedlemer til stades:

Ingen vara hadde høve til å møta

Til stades med møte- og talerett:

Ass. fylkesdirektør Tor-Einar Holvik Skinlo
Jorunn Eide Kirketeig (repr. opplæringskontora)

Sekretariat for møtet:

Teamleiar Sissel Brusegård

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 01.11.2016 vart godkjend utan merknader.

I tillegg til ordinært møte i fagopplæringsnemnda deltok medlemmane på ein temadag om fag- og yrkesopplæringa og eit fellesmøte mellom fagopplæringsnemnda og hovudutvalet for opplæring med tema; fagopplæringsnemnda si rolle.

**SAK 1/17 Søknad om godkjenning som opplæringskontor -
Opplæringskontoret for Maritime Fag Nordvest**

VEDTAK:

Opplæringskontoret for Maritime Fag Nordvest, PB 838 sentrum, 6001 Ålesund vert godkjent som opplæringskontor i Sogn og Fjordane i matros- og motormannsfaget.

Fagopplæringsnemnda oppmodar Opplæringskontoret for Maritime Fag Nordvest om at lokal kontaktperson vert oppnemnd og om at opplæringskontoret bør ha lærlingrepresentant i styret.

SAK 2/17 Stimuleringstilskot 2017

VEDTAK:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet kr 4.822.000,- for 2017 til lærekandidatar og lærlingar med ungdomsrett i Sogn og Fjordane til følgjande tiltak:
 - a. Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs
 - b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år (lønsmidlar)
 - c. Sommarskule i naturfag
 - d. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søker til lære plass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar eller stort fråvære (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd.)
 - e. Oppfylgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging
 - f. Yrkesfagleg nettverk
 - g. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag
 - h. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
 - i. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
 - j. Oppdateringskurs for prøvenemnder
 - k. Vg3 i skule som alternativ til lære plass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
 - l. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000 ,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter følgjande kriterium:
 - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
 - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med

- ein søkjar med ungdomsrett
- o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
- m. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-

SAK 3/17 Skriv og meldingar FON 15.02.2017

VEDTAK:

Skriv til orientering:

- 1: Sogn og Fjordane sin årsrapport for forsøk med NAV-retteleiar i vidaregåande skule
- 2: Rapportering på utprøving av vekslingsmodeller høsten 2016
- 2a: Rapportmal v17
- 2b: Oversikt vekslingsmodell A
- 2c: Oversikt vekslingsmodell B
- 2d: Oversikt vekslingsmodell C
- 2e: Framdriftsplan skuleåret 2016-17
- 2f: Vekslingsmodellane BA ved Stryn vidaregåande skule
- 3: Svar - Høyring om endringar i opplæringslova - Direkte overgang i retten til vidaregåande opplæring og rett til vidaregåande opplæring for dei med slik opplæring frå utlandet
- 3a: Høringsnotat om endringer i opplæringsloven(1104305)(1).pdf
- 4: Fyr-rapport frå Sogn og Fjordane
- 4a: Svar - Statsbudsjettet for 2016 kap. 226 post 21 - Program for bedre gjennomføring – rapportering
- 5: Fagbrev utover første fagbrev
- 5a: Oppfølging av HO-sak 23/15 Strategiar for fag- og yrkesopplærings i Sogn og Fjordane